



DEN NORSKE KYRKJA
Fjaler sokn
Dalstunet, Dalsvegen 105A
6963 Dale i Sunnfjord
Telefon: 40509452
E-post: kk824@kyrkja.no
www.kyrkja.no/fjaler



Dale, 8. juni 2026

Kjære ungdom og foreldre/føresette.

Vi inviterer deg til å vere med på konfirmasjonstida i Fjaler for året 2026-2027 med konfirmasjonsgudsteneste på vårparten neste år. Vi håpar du har lyst å vere med!

Som konfirmant vil du bli betre kjend med oss som arbeider i kyrkja og kyrkjelyden. Men vi ønskjer aller mest at du skal bli betre kjend med Jesus Kristus. Vi vil fokusere på dei "STORE" spørsmåla; om Gud, om trua og mennesket, livet og døden. Dessutan vil vi diskutere etiske tema og dei vala vi gjer i livet.

Konfirmasjonstida sitt timetal er på om lag 60 timar der vi skal gjere og vere saman om mange ting.

Alle konfirmasjonssamlingane er utanom skuletida i Dale kyrkje og/eller på Ljosheim i Dale. Det vil vere ei samling i månaden i tidsrommet **kl.18.00-19.45**. (Sjå vedlagte «hugseliste»)

I tillegg til dette skal konfirmantane førebu ei gudsteneste i kyrkja/kapellet dei høyrer til. Dette vil vere lysmessene i Dale kyrkje og Folkestad kapell.

Det er planlagt **konfirmanthelg på Nesholmen Leirstad fredag.- søndag 16.-18. oktober 2026**.

Fasteaksjonen, måndag 15. - tysdag 16. mars 2027, er ein aksjon der konfirmantane samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Det vil vere ei konfirmantsamling søndag 14. mars der vi førebur **Samtalegudstenesta søndag 14. mars kl. 19.00 i Dale kyrkje**. Fasteaksjonen blir avslutta med **solidaritetskonsert i Dale kyrkje tysdag 16. mars kl. 19.00**.

I løpet av året må konfirmantane delta på til saman **10 gudstenester** – også som *medliturgar* saman med presten. Dei song- og musikkglade konfirmantane kan bidra som *forsongarar*, *synge i kor* og *spele* i nokre gudstenester. Vi treng også nokon til å styre powerpoint på einstilte gudstenester.

Skal opplegget fungere, krevst det at kvar konfirmant er villig til:

- Å gå inn for å få mest mogleg ut av konfirmasjonstida.
- Å fylgje opplegget så langt som råd.

Udøypte konfirmantar kan bli døypt i løpet av konfirmasjonstida. For å bli konfirmert, må ein vere døypt. Viss dette er aktuelt, ta kontakt.

Eigenbetaling for konfirmasjonsåret er kr. 1500,-. Giro vil bli levert/sendt til dei påmelde i løpet av året. Denne betalinga er med å dekke utgifter til aktivitetar og konfirmanthelg.

Nedanfor finn du lenka for påmelding. Det vil bli opna for påmelding **måndag 22. juni kl. 10**. Konfirmasjonsdagen 1. mai 2027 vil det vere to konfirmasjonsgudstenester i Dale kyrkje, kl. 11 og kl. 13. Konfirmantane melder seg på ei av desse og merkar av i påmeldiga kva for klokkeslett dei ønskjer.

Når ei gudsteneste er full, er det ikkje lenger mogleg å velje denne, og resten av konfirmantane må registrere seg på gudstenesta som står igjen.

Viss det er nokre som melder seg på ved seinare høve, vil desse bli fordelt på konfirmasjonsgudstenestene. Det er viktig for oss at antal konfirmantar er jamt fordelt på desse to gudstenestene kl. 11 og kl. 13. laurdag 1. mai 2027.

Ønskjer du å bli innskreven som konfirmant, må du gå inn på denne adressa:

<https://minkirkeside.no/Fjaler> (du finn lenka på heimesida vår) og melde deg på. Ha klart personnummer, telefonnummer og e-post til konfirmanten og foreldra samt stad og dato for dåp før du begynner. Du registrerer deg først med mobilnummer, så får du ein kode som du tastar inn. Du kan logge deg inn igjen seinare om du vil endre eller legge til opplysningar. Vi anbefaler at konfirmant og foreldre/føresette gjer dette i lag.

Om du ikkje får til elektronisk påmelding, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg.

Før sommarferien er gudstenester med konfirmantinnskrivning desse søndagane:

Folkestad kapell	søndag 14. juni	kl.14.00
Dale kyrkje	søndag 21. juni	kl.11.00

Til hausten er gudstenestene med konfirmantpresentasjon desse søndagane:

Folkestad kapell	søndag 23. august	kl.11.00
Dale kyrkje	søndag 30. august	kl.11.00

Konfirmasjonsgudstenestene 2027 er sett opp slik:

Folkestad kapell	laurdag 24. april	kl.11.00
Dale kyrkje	laurdag 1. mai	kl.11.00 og kl.13.00

I samband med presentasjonsgudstenesta i august, vil det vere eit foreldremøte etter gudstenesta der det vil bli gitt viktig informasjon om konfirmasjonsåret.

Vi ser fram til å bli betre kjent med deg! Velkommen som konfirmant!

Helsing



Knut Arne Kummeneje, sokneprest

Mobil: 908 55 230

kk824@kyrkja.no